



Saksmappenr: 2024/685-1  
Arkiv: 151  
Sakshandsamar: Petra Marie Trydal

## Saksframlegg

### Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
112/24	Plan og miljøutvalet	12.11.2024
72/24	Levekårutvalet	12.11.2024
34/24	Valle ungdomsråd	11.11.2024
15/24	Eldrerådet	11.11.2024
16/24	Administrasjonsutvalet	13.11.2024
19/24	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	11.11.2024
164/24	Formannskapet	13.11.2024
	Kommunestyret	
29/24	Arbeidsmiljøutvalet	11.11.2024

## Budsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025-2028

### Kommunedirektøren tilrår:

- Ein økonomiplan i balanse med dei inntekter og utgifter som går fram av bevilgningsoversikt § 5-6 – drift i budsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025- 2028.
- Rammar fordelt til dei ulike tenesteområda slik det går fram av bevilgningsoversikt § 5-4 Sum bevilgningsoversikt – drift, netto.
- Investeringar i tråd med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt – investeringar.
- Låneopptak i tråd med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt – investering, på inntil 83,240 mill. kroner, jf kommunelova § 14-15, med avdragstid på 30 år.
- Lån til utlån gjennom Husbanken si ordning for formidlingslån med 2,0 mill. kroner, avdragstid på inntil 30 år.
- Endring i gebyr- og betalingssatsar slik det går fram av budsjettdokumentet som fylgjer som vedlegg.
- Ved utskriving av formuesskatt og inntektsskatt – skattøre – for personlege skattytarar og andre skattytarar skal det for 2025 nyttast maksimal skattesats slik desse vert fastsette av Stortinget.
- Eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 c på kraftverk mm vert skrive ut innafør kommunen sine grenser. Skattesatsen i høve § 13 på 7 promille av takstverde vert nytta. Det skal nyttast maksimale satsar. Eigedomsskatten er delt i fire terminar, jf § 25, med forfall 1. april, 1. juni, 1. august og 1. oktober i budsjettåret.



### **Handsaming i Plan og miljøutvalet av sak 112/2024 den 12.11.2024:**

#### **Handsaming:**

Plan og miljøutvalet tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

#### **Vedtak:**

Plan og miljøutvalet tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

### **Handsaming i Levekårutvalet av sak 72/2024 den 12.11.2024:**

#### **Handsaming:**

Levekårutvalet tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

#### **Vedtak:**

Levekårutvalet tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

### **Valle ungdomsråd si handsaming av sak 34/2024 i møte den 11.11.2024:**

#### **Handsaming:**

Ungdomsrådet ynskjer

- Det skal vere mogleg for ein elev å overta PC når ein går ut av 10. klasse.
- Skulen må kjøpe inn nye pultar og stolar då desse er gamle og utslitte.
- Meir leikeapparat til småskulen, husker osv.
- Nye møblar til ungdomsskulen
- Få biljardbord på ungdomsskulen
- Få låsbare skåp til elevane i ungdomsskulen

Ungdomsrådet tek ellers budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

#### **Vedtak:**

Ungdomsrådet ynskjer

- Det skal vere mogleg for ein elev å overta PC når ein går ut av 10. klasse.
- Skulen må kjøpe inn nye pultar og stolar då desse er gamle og utslitte.
- Meir leikeapparat til småskulen, husker osv.
- Nye møblar til ungdomsskulen
- Få biljardbord på ungdomsskulen
- Få låsbare skåp til elevane i ungdomsskulen

Ungdomsrådet tek ellers budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

### **Eldrerådet si handsaming av sak 15/2024 i møte den 11.11.2024:**

#### **Handsaming:**

Eldrerådet tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

#### **Vedtak:**

Eldrerådet tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.



### **Handsaming i Administrasjonsutvalet av sak 16/2024 den 13.11.2024:**

#### **Handsaming:**

Administrasjonsutvalet tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

#### **Vedtak:**

Administrasjonsutvalet tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

### **Rådet for personar med funksjonsnedsetting si handsaming av sak 19/2024 i møte den 11.11.2024:**

#### **Handsaming:**

Rådet for personar med funksjonsnedsetting tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

#### **Vedtak:**

Rådet for personar med funksjonsnedsetting tek budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 til orientering.

### **Handsaming i Formannskapet av sak 164/2024 den 13.11.2024:**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak:**

1. Ein økonomiplan i balanse med dei inntekter og utgifter som går fram av bevilgningsoversikt § 5-6 – drift i budsjett 2025 og handlings- og økonomiplan 2025-2028.
2. Rammar fordelt til dei ulike tenesteområda slik det går fram av bevilgningsoversikt § 5-4 Sum bevilgningsoversikt – drift, netto.
3. Investeringar i tråd med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt – investeringar.
4. Låneopptak i tråd med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt – investering, på inntil 83,240 mill. kroner, jf kommunelova § 14-15, med avdragstid på 30 år.
5. Lån til utlån gjennom Husbanken si ordning for formidlingslån med 2,0 mill. kroner, avdragstid på inntil 30 år.
6. Endring i gebyr- og betalingssatsar slik det går fram av budsjettdokumentet som fylgjer som vedlegg.
7. Ved utskrivning av formuesskatt og inntektsskatt – skattøre – for personlege skattytarar og andre skattytarar skal det for 2025 nyttast maksimal skattesats slik desse vert fastsette av Stortinget.
8. Eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 c på kraftverk mm vert skrive ut innafør kommunen sine grenser. Skattesatsen i høve § 13 på 7 promille av takstverde vert nytta. Det skal nyttast maksimale satsar. Eigedomsskatten er delt i fire terminar, jf § 25, med forfall 1. april, 1. juni, 1. august og 1. oktober i budsjettåret.

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet av sak 29/2024 den 11.11.2024:**

#### **Handsaming:**

Arbeidsmiljøutvalet tek budsjett 2025 og handlingsplan 2025-2028 til orientering.



**Vedtak:**

Arbeidsmiljøutvalet tek budsjett 2025 og handlingsplan 2025-2028 til orientering.

**Saksutgreiing:**

**Samandrag/ konklusjon**

Kommunestyret skal vedta økonomiplan for dei neste fire åra som inngjeng i kommuneplanens handlingsdel og årsbudsjett for det komande året. Kommunedirektøren legg fram eit budsjett for 2025 og ein økonomiplan i balanse. Alle investeringar er finansierte. Budsjett 2025 vet lagt fram med eit mindreforbruk på 5,493 mill. kroner og eit positivt netto driftsresultat på 6,583 mill kroner som utgjer 2,5 %. Mindreforbruket er sett av til disposisjonsfond.

**Bakgrunn for saka**

**Formelt grunnlag**

For budsjettåret 2025 og økonomiplanen 2025-2028 vert Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018, kommunelova, lagt til grunn. Obligatoriske oppstillingar slik det gjeng fram av Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. av 07.06.2019, knytt til årsbudsjett og handlings- og økonomiplan, er teke inn i budsjettokumentet som fylgjer vedlagt.

Kommunestyret skal, etter § 14-2 bokstav a, vedta ein økonomiplan og eitt årsbudsjett.

Det fylgjer av § 14-3 at økonomiplan for dei neste fire år og årsbudsjett for det komande året skal vedtakast før årsskifte.

Krav til økonomiplan og årsbudsjett følgjer av § 14-4:

- Økonomiplan skal syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar fylgjast opp.
- Økonomiplanen og årsbudsjettet skal syne kommunestyret sine prioriteringar og beviljingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Dei skal også syne utviklinga i kommunen sin økonomi og utvikling i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket og årsbudsjettet skal sei kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret.
- Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vera realistisk, fullstendig og oversiktleg.
- Økonomiplanen skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Årsbudsjettet skal delast inn i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett og stillast opp på same måte som økonomiplanen.
- Økonomiplanen kan inngå i eller utgjer kommuneplanen sin handlingsdel etter plan og bygningslova § 11-1 fjerde ledd.

Obligatoriske oppstillingar for drift og investeringar, slik det gjeng fram av § 5-4 og § 5-7 i forskrift følgjer av budsjettokumentet.



Kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplanen er av dei viktigaste styringsverktøy kommunen har. Kommuneplanen for 2016-2028 ligg til grunn for framlegg til årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028.

### **Vurderingar og konsekvensar**

Mål og strategiar frå kommuneplanen er i stor grad teke direkte inn i økonomiplanen som ein del av kommuneplanen sin handlingsdel. Tenestekområda har hatt fokus på mål i tillegg til strategiar for å nå mål og å løysa utfordringar.

For at Valle kommune skal ha ein berekraftig økonomi framover må fokus vere å ha eit tenestetilbod i tråd med dei økonomiske rammene som er over tid, og ikkje leggje opp til eit driftsnivå som aukar når inntektene aukar av ekstraordinære årsaker.

Valle kommune er på ingen måte blant dei kommunane som slit mest økonomisk, men som så mange andre kommunar opplever no Valle ein kraftig kostnadsauke. Særleg avdi løns- og prisveksten har vore høg dei siste åra. I tillegg bidreg høgt investerings- og aktivitetsnivå i same lei. Bygginga av nye Valle kultursenter aukar åleine driftskostnadene våre med omlag 6 mill. kr årleg når det står ferdig ein gong i 2026. Inntektene våre samvarierer i liten grad med kostnadsutviklinga, og i sum påverkar dette den økonomiske handlefridomen negativt. Eit anna særdrag med kommuneøkonomien i Valle er avhengigheita til kraftrelaterte inntekter. I snitt utgjør desse mellom 50 og 60% av dei samla inntektene våre. Me opplever eit kontinuerleg press for å omfordele desse inntektene. Det aukar risikoen for kraftige svingingar i framtidige inntekter. Konsekvensen er at me treng handlefridom i driftsbudsjetta og større reserver enn andre for å handtere risikoen. Dei siste åra har me klart å byggje opp fonda våre på grunn av ekstraordinære inntekter. Det er avgjerande å oppretthalde storleiken på desse i åra som kjem for å førebu oss på trongare økonomiske tider.

På grunn av svekka økonomiske utsikter har me i samråd med formannskapet lagt til grunn eit netto driftsresultat på 2% av brutto driftsinntekter i løpet av økonomiplanperioden. Dette er ein del lågare enn det måltalet kommunestyret har fastsett på 5%, men meir realistisk med tanke på omfanget av innsparingar og reduksjonar i tenestetilbodet måltala ulike måltal vil innebere. For å nå måltala er det nødvendig med effektiviseringstiltak på alle tenestekområda. Særleg gjeld dette frå og med 2026 og ut økonomiplanperioden. Einingane har sjølve bidrege med evne til nytenking og omstilling for å identifisere framlegg til tiltak som kommunestyret skal take endeleg stilling til. For å oppnå finansielle måltal i løpet av økonomiplanperioden er det nødvendig med ytterlegare interkommunalt samarbeid samanlikna med det me har i dag.

Obligatoriske oppstillingar om årsbudsjett og økonomiplan syner utvikling i økonomiplanperioden.

Inntekter, gjennom gebyr- og brukarbetaling, er det gjort nokre endringar i gebyrregulativet. Det ligg inne ei auke på kommunale avgifter der sjølvkostgraden har vore på eitt lågt nivå. I pleie og omsorg er det lagt inn ei mindre auke på gebyra. På kultur er det gjort nokon endringar på gebyra. Det er gjort grep for å forenkle gebyra samstundes som ein gjer kulturskulen rimelegare. I barnehagen er det lagt til



grunn makspris for spreiddbygde kommunar frå 1.8.2026, og at ordninga med gratis barnehage frå same tidspunkt vert avvikla. For SFO er det ei mindre auke på matpengane. Opphaldsbetaling stend uendra for 2024 og ein legg til grunn forskrift om grunnskuleopplæring med gratis SFO med 12 timar gratis SFO for elevar på 1.-3.trinn.

I formannskapsmøtet i september vart kommunedirektøren beden om å leggje fram ein oversikt over lovpålagde oppgåver. Vedlagd fylgjer ein slik oversikt som vart utarbeidd i samband med Generalistkommuneutvalet sitt arbeid i 2023.

Valle, den 02.11.2024

Vidar Homme  
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Budsjett 2025, handlings- og økonomiplan 2025-2028
- 2 Lovpålagde oppgåver